



Kommunereform i Sunnfjord

Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:
15/399-10-ØH-002

Dato:
01.07.2015

Kommunereform i Sunnfjord, referat frå møte i prosjektgruppa 26.06.15

Til stades

Bente Nesse, Børge Tvedt, Elin Kjøsnes, Erik Askeland, Geir Liavåg Strand, Håkon Loftheim, Ola Hovland, Ole John Østenstad, Per Arne Tveit, Stian Jakobsen, Trond Ueland, Wenche Kvalvik, Øyvind Bang-Olsen, Kåre Træen og Øystein Høyvik.

Fråfall

Terje Heggheim og Helge Følid.

Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang av vedtak gjort i den enkelte kommune (oversikt blir sendt ut torsdag 25.06.15)
2. Kva er status på nasjonalt plan – gjensidig oppdatering
3. Status i arbeidet med andre utgreiingar
4. Korleis arbeide med informasjon og involvering hausten 2015?
 - a. Kva bør gjennomførast?
 - i. Av den enkelte kommune
 - ii. Av prosjektfellesskapet
5. Innbyggjarundersøking?
 - a. Ynskjer vi gjennomføre nærare undersøkingar?
 - b. Kva ynskjer vi i så fall undersøke?
6. Innbyggjarhøyring
 - a. Kva vedtak har kommunane gjort?
 - b. Kva form for høyring er mest tenleg?
 - c. Når gjennomføre denne?
7. Er det delar/tema frå intensjonsavtalane vi bør arbeide vidare med?
8. Prosjektrekneskap fase 2 (blir sendt ut torsdag 25.06.15))
9. Budsjett fase 3
10. Rapportering til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
11. Møteplan hausten 2015 for prosjektgruppa
12. Møteplan hausten 2015 for styringsgruppa
13. Felles formannskapsmøte hausten 2015?
14. Prosjektplan fase 3 og 4 (utkast blir presentert i møte)
15. Eventuelt

Utsendte dokument

1. Brev frå SiS til Solund kommune (ligg også vedlagt dette referatet)

Gjennomgang av vedtak gjort i den enkelte kommune

- Vedtaka vart gjennomgått (samla oversyn ligg vedlagt)
- Spesielt om vedtak gjort av kommunestyret i Solund
 - Ordlyd i vedtak:

Solund kommune ber samstundes om å få slutte seg til intensjonsavtalen om storkommune i Sunnfjord for å kunne delta i det vidare prosjektarbeidet som omtalt i saksutgreiinga.

- Utdrag av brev frå SiS til Solund kommune, datert 19.06.15:
På vegne av kommunereformarbeidet i Sunnfjord har derfor SiS i møte i dag vedteke å ønskje Solund kommune velkomen som medlem i det vidare arbeidet med kommunereform i Sunnfjord
- Prosjektgruppa tek SiS sitt vedtak til vitande og vil i ny prosjektplan endre Solund sin status – velkommen!
- Dersom det i dei neste prosjektfasane kjem spørsmål frå nye kommunar om deltaking mv ser ein føre seg at avgjerd blir tatt av styringsgruppa.

Diverse oppdatering

- Kåre Træen informerte om ulike prosessar og vedtak på regionalt og nasjonalt plan
- Kåre Træen informerte om status i arbeidet i dei ulike utgreiingsalternativa i fylket

Er det delar/tema frå intensjonsavtalane vi bør arbeide vidare med?

- Vurderer at avtalane slik dei ligg føre ikkje treng arbeidast vidare med før evt fellesnemnd mv er på plass – men spørsmålet vil bli drøfta med styringsgruppa i møte 21. august 2015

Prosjektrekneskap fase 2

- Felles prosjektrekneskap for «Kommunereform i Hafs» og «Kommunereform i Sunnfjord» vart gjennomgått og tatt til vitande
- Ved avslutting av fase 2 har prosjektet ca kr 300 000 i ubrukte midlar
- Den enkelte kommune må i det vidare prosjektarbeidet vere budd på at det blir kravd eigendel – endeleg sum blir avklart ved prosjektavslutting

Budsjett fase 3 og 4

- Blir innarbeidd i ny prosjektplan

Rapportering til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

- Per Arne Tveit og Øystein Høyvik utarbeider og sender inn rapport pr 30.06.15

Møteplan hausten 2015 for prosjektgruppa

- Prosjektgruppa reserverer fredagane til møte mv
- Neste møte i prosjektgruppa blir fredag 21. august kl 10.00 – 12.00, Scandic Sunnfjord Hotel og Spa
- Vidare møteplan blir avklart 21. august 2015

Møteplan hausten 2015 for styringsgruppa

- Neste møte i styringsgruppa blir fredag 21. august kl 10.00 – 12.00, Scandic Sunnfjord Hotel og Spa
- Vidare møteplan blir avklart 21. august 2015

Felles formannskapsmøte hausten 2015

- Avklarast i møte 21. august 2015

Prosjektplan

- Skal vedtakast av styringsgruppa i møte 21. august 2015
- Prosjektgruppa rår til at styringsgruppa set av 5 plassar til dei tillitsvalte sine representantar i prosjektgruppa. Prosjektgruppa vurderer det som ynskjeleg at følgjande forhold tel når desse fem skal veljast av hovudsamanslutningane

- At alle hovudsamanslutningane er representerte
- At tilsette i kommunane både i SiS, Hafs og Gloppen blir representerte på ein god måte
- Kjønn

Prosjektleiar sender brev til samanslutningane og ber om at dei i fellesskap vel ut representantar som skal virke frå 01.09.15

- I dei neste fasane vil informasjon, involvering, innbyggjarundersøking og innbyggjarhøyring ha fokus
- Prosjektsekretariatet utarbeidar utkast til prosjektplan som drøftast i prosjektgruppa sitt møte 21. august 2015
- Prosjektsekretariatet får fullmakt til å gjere avtalar med ekstern konsulent som kan bistå i utforming av informasjonsmateriell

Eventuelt

- Ingen saker

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane
Solund kommune
Styringsgruppa